



Referat frå: Årsmøte i Syril fotball

Dato: 1. mars 2022 kl. 19.00

Stad: Møterom Saften

1. Val av ordstyrar, sekretær og to som underskriv referat

Ordstyrar: Magna Fondenes Vangsnes

Referent: Torill Skårhaug

Underskriving referat: Gro Linde og Andreas Rendedal Thue

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader

3. Årsmelding 2021

Årsmelding er lagt ut på Syril si nettside, sist oppdatert med justert rekneskap den 28.02.21. Magna gjekk gjennom årsmeldinga slik den ligg føre. Ingen spørsmål eller innspel til årsmeldinga. Årsmeldinga vart godkjent.

4. Rekneskap 2021

Rekneskap er ikkje godkjent pr. no, førebels rekneskap ligg i årsmeldinga. Torill gjekk gjennom førebels rekneskap. Førebels rekneskap vart godkjent utan merknader. Det kom innspel om innkjøp av mål til 5'ar bane. Dette er ikkje planlagt pr. no, men må evt. vurderast i prioritering av innkjøp i 2022. Fotballgruppa har fått tilskot på kr 25.000,- til innkjøp av granulatriser samt kr 33.000,- i tilskot til oppgradering av klubbhus. Dette er inntektsført i 2021, men tiltaka er ikkje iverksett. Det er derfor meldt inn at vi ønskjer å kunne disponere desse midlane i 2022.

5. Saker

a. Kjøp av utstyr til vinterdrift

Steinar gjekk gjennom forslag til sak til hovudstyret i Syril. I saka ligg det følgjande forslag til vedtak:

«Avsetting av budsjettmidlar 2022 på 300.000,- for investering av utstyr til vinterdrift av kunstgraset på Syril stadion eller inngå leasingavtale for utstyr.

Alternativt må det leggest ein strategi i Syril for kva og korleis fotballaktivitet vi i framtida skal ha vinterstid»

Forslag til sak vart godkjent utan merknader.

6. Treningsavgift 2022

Forslag til treningsavgifter:

Senior herrer	3.300,-
Senior damer	3.300,-
Aldersbestemt 11-17 år	1.800,-
Barnefotball 10 år	800,-
Miniputtfotball	600,-

Treningsavgiftene vart vedtekne.

7. Budsjett 2022

Torill gjekk gjennom utkast til budsjett. Budsjettet vart vedteke.

8. Val

Valnemnda v/Gro Linde gjekk gjennom forslag til kandidatar. Forslaget vart vedteke. Det er ikkje kome på plass kandidat til vervet som sportsleg leiar, styret i fotballgruppa får mynde til å jobbe vidare med å få på plass kandidat.

Underskrive referat:

Gro Linde

Gro Linde

Andreas Rendedal Thue

Andreas R. Thue